

Til næringsdrivande i Surnadal kommune

Det er urolige tider, og mange bedrifter står ovanfor ein krevjande situasjon som ein konsekvens av koronaviruset. Surnadal kommune har difor løyvd 1 million kroner i ekstra støttemidlar i samband med situasjonen. Vedtaket lyder som følgjer:

- 1. Surnadal kommune aukar det ordinære næringsfondet med kr 1.000.000, der midlane skal øremerkast tiltak retta mot lokale bedrifter som er råka av koronakrisen. Aktuelle tiltak kan vere t.d. kompetanseutvikling, alternative/midlertidige driftskonsept og markedsaktivitet.**
- 2. Finansiering av auken i næringsfondet skjer med bruk av udisponert del av konsesjonsavgift, ein reserve som er opparbeidd over fleire år til krisetiltak.**
- 3. Surnadal kommune vil etter avtale med den enkelte bedrift gi betalingsutsetting for 2. termin 2020 av eigedomsskatten for dei som har utfordringar med å betale som følgje av koronasituasjonen. Ny betalingsdato blir lagt samtidig med 3. termin.**

For å søkje på desse midlane kan ein nytte seg av det ordinære søknadsskjemaet som ligg på Surnadal kommune si heimeside:

<https://www.surnadal.kommune.no/tenester/naring/naringsutvikling/tilskott/naringsfond/>

Vi ønskjer at du legg med eit vedlegg kor det står noko om korleis bedrifta er råka av koronasituasjonen, kva konsekvensar og kostnader dette har ført til, og kva/kvifor ein vil søkje om støtte. Ved eventuelle spørsmål rundt dette kan de ta kontakt med oss som jobbar med dette:

Karin Halle	karin.halle@surnadal.kommune.no	tlf. 416 19 200
Harald Bredesen	harald.bredesen@surnadal.kommune.no	tlf. 913 78 178

Nasjonale myndigheiter har innført ei mengd av ulike tiltak ovanfor bedrifter/næringsliv. Det same har aktørar som Innovasjon Norge, Forskningsrådet og Møre og Romsdal Fylkeskommune. Vi vil råde lokalt næringsliv til å sjå gjennom desse ordningane og vil her vise til nettsider som kan bidra til å gje ei oversikt over denne informasjonen.

- **Nasjonale ordningar:** <https://www.regjeringen.no/no/tema/koronavirus/nasjonale-tiltak/id2693684/?expand=factbox2693694>
- **Innovasjon Norge:** <https://www.innovasjonnorge.no/no/tjenester/finansiering2/krisetiltak/>
- **Forskningsrådet:** <https://www.forskningsradet.no/nar-du-har-fatt-finansiering/prosjektendringer/blir-forskningsprosjektet-deres-pavirket-av-situasjonen-med-koronaviruset/>
- **Møre og Romsdal fylkeskommune:** <https://mrfylke.no/om-oss/koronaviruset/tiltak-for-naerings-og-samfunnsliv/tiltakspakkar-for-naerings-og-samfunnsliv>

Håper dette kan være eit bidrag i å systematisere jungelen av informasjon.

Med vennleg helsing Surnadal kommune
v/ Karin Halle og Harald Bredesen